

## Ikkje vekst i sør

**DALANE:** I snitt i Dalane var bare 1,25 prosent av arbeidsstyrken utan arbeid i oktober, viser tala til Nav. I Dalane er det Bjerkreim som har hatt størst auke i talet på arbeidslause. Det var 20 heilt ledige personar i kommunen i oktober, og det er sju fleire enn på same tida i fjor. I prosent har arbeidsløysa i Bjerkreim stige med 54. Egersund hadde 152 heilt ledige innbyggjarar i oktober – tre fleire enn i same månaden i 2013. Veksten i arbeidstøysa i Egersund er på to prosent. Lund og Sokndal har hatt nedgang i arbeidsløysa det siste året. Lund har hatt ein nedgang på 46 prosent og Sokndal ein nedgang på 19.

# 1814 i husmannskonasitt perspektiv

Kva som skjedde dei første månadene i 1814, er temaet for framføringa til Anne Elisebeth Skogen i kyrkja i Egersund torsdag.

MERETE HORPESTAD

merete@dalane-tidende.no ■ 4000 8534

Torsdag er det igjen kulturveld i kyrkja i Egersund. Forteljaren Anne Elisebeth Skogen skal fortelja om kva som rørte seg i Stavanger Amt i februar og mars 1814, sett frå perspektivet til husmannskona Berte Johannesdatter.

Framføringa "Berta på Verket" er eit bestillingsverk som Skogen laga oppdrag frå Statsarkivet i Stavanger. Som grunnlagsmateriale har ho brukt dokumenta frå eit skifte etter Berte Johannesdatter, som døydde i 1814. Framføringa blei presentert første gong på eit historisk cruise til Kiel i januar, som blei arrangert som ei markering av 200-årsjubileet for Kielfreden.

### Spennande lokale

Anne Elisebeth Skogen synest det blir spennande å framføra "Berta på Verket" i ei kyrkje der det fak-

tisk var val i 1814.

- Christian Frederik innførte ein ekstra bededag over heile landet. I tillegg til gudsteneste skulle det vera val på denne dagen. Det hadde det ikkje vore i landet på 400 år, fortel Skogen.

Ho trur mange ser føre seg at Christen Mølbach, eidsvollsmanen frå Egersund, blei valt direkte. Det blei han ikkje. I staden blei det valt valmenn i kyrkja i Egersund. Desse reiste til Stavanger for å vera med å plukka ut eidsvollsmenn i domkyrkja 24. mars 1814.

Christen Mølbach blei vald til 2. representant frå Stavanger amt sitt landdistrikt. Han var ein av 18 forretningsmenn på Eidsvoll.

### Skuleframføringar


Skogen tar føre seg desse historiske hendingane i framføringa. Men ho ser altså ikkje 1814 i perspektivet til storfolk, men frå synsvinkelen til ei husmannskone som budde i bakkane opp frå Fiskekiperen i Stavanger.

Etter urframføringa har ho framført stykket i seks andre samanhengar. Ho har dessutan hatt 40 skuleframføringar i Stavanger.

Skogen har den siste tida jobba mykje med historiske framføringer, som ho bygger på historisk kjeldemateriale. Kvart år er ho på skular i Egersund med ei framføring om det første norske emigrantfølgjet som reiste til Amerika. Til neste år er ho klar med ei oppføljarframføring, som ho har kalla "Vegen vidare vest."

### Første kvinne i Nordsjøen

I haust har ho dessutan jobba med framføringa "Sjukepleiar offshore". Det er ei forteljing om den første kvinnen som blei tilsett i Nordsjøen. Oppdragsgivaren for denne framføringa er Norsk olje- og gassarkiv. Nordsjøforteljinga har ho bygd både på arkivmateriale og intervju. Ho har allereie vist førestillinga for fleire oljeselskap.



Vår kjære far, svigerfar, besten, bror, svoger og onkel

Jørg Bowitz

Grastveit

f. 10.08.1928

døydde frå oss

i heimen sin i dag.

Stord, 3. november 2014

Håvard - Tove

Eli - Leif Tore

Jostein

## BRIDGE

På spillekvelden i Egersund torsdag 30. oktober deltok 17 par, og det ble spilt 27 spill. Dette var niende kveld i årets høstturnering. Det gis handikappoen til de minst rutinerte spillerne.

### FØLGENDE PAR KOM OVER MIDDLEL:

1. Anne Marie Aarø - Jane Leidland.....52,9

2. Sveinung Vallehei - R.  
3. Per Martin Pedersen

4. Henning Stokkeland -

5. Ove Mong - Aslak Din

6. Terje Eriksen - Arne E

7. Thorbjørn Brandsberg -

8. Arve Sten Jacobsen -

9. Torbjørn Valdemarsen -

10. Jan Olav Reinertsen -

11. Johan Kvalbein - Bø



**SKAL FORTELJA I KYRKJA:** Anne Elisebeth Skogen kjem til Egersund med forteljinga "Berta på Verket". Temaet er 1814.

FOTO: PRIV.

### ANNE ELISEBETH SKOGEN:

■ \*Oppvachsen i Egersund

■ \*Bur på Sand i Ryfylke

■ \*Er dramalærar i kulturskulen og frilans forteljar

■ \*Tok forteljarutdanning i vaksen alder

■ \*Var på forteljarturné i USA i 2012



Hipp hipp hurra for verdens beste Julie Mathea Sæveland som fyller 5 år i dag, 5. nov.



Maritha Hetland Knappskog fyller 5 år i dag, 5. nov. Gratulerer så mye



Hurra for storebror Martin Larsen Gratulerer så mye med 6-årsdagen